

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 21.01.2019

**SAKSHANDSAMAR:** Marta Ebbing

**SAKA GJELD:** **3. tertialrapport risikovurdering av utvalde styringsmål 2018 og felles risikostyringsmål 2019**

**STYRESAK:** 10/19 0

**STYREMØTE:** 30.01.2019

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen tar 3. tertialrapport risikovurdering av utvalde styringsmål 2018 til orientering.  
Styret i Helse Bergen tar styresak Helse Vest RFH 134/18 om felles risikostyringsmål 2019 til orientering.  
Styret i Helse Bergen ber om at leiinga arbeider vidare med meir systematisk tilnærming til risikostyring utover den standardiserte tilnærminga og rapporteringa som det vert lagt opp til overfor Helse Vest.

## Bakgrunn

Styresak Helse Vest 125/17 - Felles mål med delmål for risikostyring i Helse Vest

Styresak Helse Bergen 09/18 - Felles risikostyringsmål 2018

Styresak Helse Bergen 60/18 - 1. tertialrapport av overordna risikovurdering av utvalde styringsmål i 2018

Styresak Helse Bergen 106/18- 2. tertialrapport overordna risikovurdering av utvalde styringsmål i 2018

Styresak Helse Bergen 119/18 – Årleg melding

Styresak Helse Vest RHF 134/18 - Felles risikostyringsmål 2019

## Kommentar/konsekvensar

Etter retningslinja til Helse Vest er det gjennomført risikovurdering av fire utvalde styringsmål med tilhøyrande delmål i Helse Bergen i 2018.

3. tertialrapport er i ei kort oppsummering av måloppnåing for året som heilskap og sjåast i samanheng med årleg melding 2018 og verksemdrapport desember 2018.

Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 11. desember 2018 dei same fire felles styringsmåla med delmål for risikostyring 2019 i tillegg til eit nytt styringsmål innan utbyggingsprosjekt (sak 134/18), sjå vedlegg 2.

## Konklusjon

Risikostyring av utvalde styringsmål er gjennomført i 2018 etter retningslinja frå Helse Vest. Styret i Helse Vest har vedteke nye styringsmål som skal risikovurderast i 2019.

## Systematisk tilnærming.

I dialogen mellom adm.dir. og styreleiar er det i tillegg til gjennomgang og rapportering på utvalde styringsmål diskutert tiltak for å utvikle ei meir systematisk tilnærming til risiko. Det har ikkje vore høve til å utgreie meir om dette i denne saka, men ein er samde om at det skal arbeidast vidare med dette tema i 2019. Dette skal presenterast for styret hausten 2019.

## Vedlegg

Vedlegg 1. 3 tertialrapport risikovurdering av utvalde styringsmål 2018

Vedlegg 2 . Felles risikostyringsmål 2019